



Vertshuset er truleg seld etter å ha vore til sals lenge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vertshuset ligger ikkje lenger ute på nettet for sal og uskedalen.no har grunn til å tru at det er seld.**

Dei som har vore involvert i salet ynskjer førebels ikkje å gje nærare opplysningar då visse formelle ting må avklarast.

Siste gong Vertshuset vart avertert var prisen 1,7 millionar etter å ha vorte redusert frå 3,49 millionar på 1 ½ år.

Tilbodet av bustader i Uskedalen er elles mykje mindre no enn det var tidlegare i år.

Faktisk er det berre ein eldre bustad som for tida er lagt ut på nettet.

Det er eit hus bygd i 1961 i Nausthaugen 5 som har prisantydning på 2,19 millionar.

Frode Bu i Byggpartner Kvinnherad fristar med to prosjekt på Ytre Eik -

begge med mogelegheiter for båtplass. Det eine er eit hus

på 111 kvadratmeter til 2,37 millionar og det andre ein fritidsbustad på 72 kvadratmeter til 2,09 millionar.

Det er Husnes som dominerer fullstendig på finn.no med 13 av 32 bustader i Kvinnherad.

Under næringseigedomar finn ein etter at Vertshuset vart trekt unna berre Mauranger Kro og Vertshus som er til sals for 3 millionar og eit areal i Rosendal som seljaren skal ha 800.000for.

Av Ola Matti Mathisen



Nausthaugen 5 er enno ikkje seld.